

Statens namnekonsulentar på Vestl. (Namnekons.t.) vedl. 1

Nordisk institutt, UiB, Sydnesplassen 7, 5007 BERGEN

tlf.nr.: 55 58 24 11

faks: 55 58 96 60

e-brevadr.: Kjell.Steinbru@nor.uib.no

Bergen, 8. nov. 2001

Ulstein kommune
Kulturkontoret
6065 Ulsteinvik

Referansen dykker:

Vår referanse: 254/2001 321-15.8

Namnesaka for øynamnet Dimna/Dimnøya. Ny høyring etter påklaga vedtak.

29. mars 1995 vedtok Statens kartverk at det offentlege skal bruke forma **Dimna** som namn på den aktuelle øya i Ulstein kommune. (Sjå vedlegg V.) Vedtaket var i tråd med den tilrådinga Namnekonsulentenesta for Vestlandet gav i eit brev som blei sendt til fylkeskartkontoret 1. febr. 1995 (vedl. T). I den føregåande behandlinga i kommunen gjekk kommunestyret (den 9. juni 1994) med 21 mot 4 røyster inn for **Dimnøya** som offentleg namneform. (På formannskapsmøtet 24. mai same året var røystetala 3 for forma **Dimnøya** og 2 for **Dimna**.) (Jf. med vedl. A.)

Vedtaket frå mars 1995 vart påklaga av kommunen og ulike andre partar. Statens kartverk Møre og Romsdal sende klagebreva til namnekonsulentane 4. juli 1995. (Sjå vedlegga E - K.)

I paragrafane 8 og 7 i stadnamnlova er det gitt pålegg om å la klagesaker gå til ein ny høringsrunde i kommunen for at ein skal kunne gi nødvendig orientering til alle som har uttalerett og klagerett.

I fleire av klagebreva er det nemnt administrative (og praktiske) omsyn, blant anna omsynet til at **Dimna** er eit *gardsnamn* og at denne namneforma er nytta som *namn på ein skulekrins*. (Sjå eksempelvis første og siste avsnittet i brevet frå Leif P. Dimmen (vedl. F) og femte avsnittet i brevet frå Hasundgot idrettslag (vedl. G2). Sjå òg nest siste avsnittet i vedl. G6.) Her må det presiserast at den aktuelle skulen no er nedlagd og at dei to gardane det er snakk om, offisielt skal nemnast med føreledda **Indre** (for gnr. 32) og **Ytre** (for gnr. 33). (Sjå vedlegg L.) I offentleg samanheng vil det vere feil å nytte **Indre Dimna** som namn på den indre delen av øya. (Jf. med første avsnittet på s. 2 i brevet frå Sølvi Dimmen (vedl. J).)

I klagebrevet frå kommunen (vedl. K) er det inga ny grunngiving. (Kommunen har valt å syne til tidlegare utgreiingar. Sjå vedlegga som her har fått nummera A og A1.)

Det kan ikkje vere tvil om at svært mange i dag finn det naturleg å bruke **Dimnøya** som namn på øya, då både i skriftleg og munnleg samanheng. Vidare kan det påvisast at ulike variantar av dette namnet med etterleddsformer som -ø, -oen, -øy og -øya har vore nytta i lange tider. Like fullt er det påviseleg at opphavsforma må ha vore *utan* etterledd laga av ordet *øy* (f.). Jamfør blant anna med det me skreiv om namnet **Dimnasund** i brevet som me sende til fylkeskartkontoret tidleg i februar i 1995. (Sjå vedlegg T.) Sia dette namnet gjeld ein stad som ligg på den motsette sida av øya i høve til Dimna-gardane, kan det *ikke* ha føreledd av *gardsnamnet* Dimna. Vidare kan det dokumenterast at **Dimna** er brukt som øynamnform i fleire samanhengar, blant anna i A. Waage si "Bygdebok for Ulstein og Hareid" (frå 1992), i boka "Ulstein gjennom tidene fram til 1500", skriven av O. Grasvik (i 1973), og i Bjarne

Rabben si bok med tittelen "Fiskarsoga for Møre og Romsdal", 1. bandet (frå 1982). (Jf. med opplistinga som finst på s. 5 i vedl. M.) Me må rekne med at personar som har grundig kjennskap til dei lokale munnlege namnetradisjonane, ikkje kan nytte ei øynamnform som **Dimna** i skriftleg samanheng viss forma ikkje har basis i den munnlege tradisjonen.

Dei allerfleste stadnamnsakene som blir gjennomførde med grunnlag i Lov om stadnamn, dreier seg om fastsetjing av offentleg skrivemåte. I den aktuelle saka er det ikkje primært snakk om val av skrivemåte, men val av namn. Likevel vil truleg § 4 i lova, det vil seia paragrafen som inneheld grunnreglane for normering av stadnamn, og merknadene til same paragrafen vere viktigaste lovreferansen i denne saka som i fleirtalet av dei ordinære namnesakene. Den eine grunnregelen i § 4 gir pålegg om å ta "utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen". (I saka ~~méhar~~ føre oss her, må ein generalisere noko i den forstand at ein må snakke om utgangspunkt i den nedarva munnlege namnebruken meir generelt.) Merknadene til § 4 inneheld blant anna denne forklaringa av kva som er meint med uttrykket "den nedervde lokale uttalen": "Med den nedervde lokale uttalen er meint den uttalen som er munnleg overlevert innanfor ein brukarkrins, m. a. o. den uttalen som har vore vanleg på staden og som framleis er i bruk." I den aktuelle saka må ein kunne slå fast at det blant personar som er fødde på øya eller i nabølaget kring henne, stadig finst ein brukarkrins for begge namneformene, det vil seie for *munnleg* så wél som for *skriftleg* bruk av formene. Me har all grunn til å tru at **Dimna** er den namneforma som har *lengst* munnleg tradisjon.

Me tilrår framleis prinsipalt at **Dimna** blir fastsett som offentleg øynamnform.

I tillegg til det me har skrive her, syner me til det me skreiv i førre tilrådingsbrevet (vedl. T).

Med helsing frå

Oddvar Nes

Oddvar Nes
stadnamnkonsulent

Ole Jørgen Johannessen
Ole Jørgen Johannessen
stadnamnkonsulent

Kjell Erik Steinbu

Kjell Erik Steinbu
sekr. for namnekonsulentane / førstekonsulent